

# Evaluering av Tanntastisk

Resultata frå spørjeundersøkingane



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE



AUD-rapport

Nr.  
07 - 14

Utgivar:	Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga Analyse, utgreiing og dokumentasjon (AUD) <a href="http://www.hordaland.no/aud">http://www.hordaland.no/aud</a>
Tittel:	Evaluering av Tanntastisk – Resultata frå spørjeundersøkingane
Publikasjonsserie/nr:	AUD-rapport nr: 07-14 <a href="http://www.hordaland.no/aud-rapportar">http://www.hordaland.no/aud-rapportar</a>
Dato:	14. juli 2014
Forfattar:	Lasse Kolbjørn Anke Hansen E-post: <a href="mailto:lasse.hansen@hfk.no">lasse.hansen@hfk.no</a>

# Innhald

<b>1. Samandrag.....</b>	<b>6</b>
Kva er Tanntastisk? .....	6
Oppsummering av funna .....	6
<b>2. Resultata frå elevundersøkinga .....</b>	<b>8</b>
2.1 Om elevundersøkinga .....	8
2.2 Bakgrunnsvariablar.....	9
2.3 Tidsbruk.....	10
2.4 Aktivitetane i Tanntastisk.....	11
2.5 Ønska innhald.....	18
2.6 Utbytte av Tanntastisk.....	19
2.7 Inkludering av føresette .....	21
2.8 Anbefale Tanntastisk? .....	22
<b>3. Resultata frå lærarundersøkinga .....</b>	<b>25</b>
3.1 Om lærarundersøkinga.....	25
3.2 Bakgrunnsspørsmål.....	26
3.3 Tidsbruk.....	28
3.4 Gjennomføringa av Tanntastisk.....	29
3.5 Læringsutbytte.....	34
3.6 Annet - inkludering av føresette.....	38
3.7 Vurdering av aktivitetane .....	39
3.8 Anbefale Tanntastisk? .....	42
3.9 Digitale læringsressursar .....	43
<b>Vedlegg 1: Spørjeskjema hovudundersøkinga – elevar.....</b>	<b>48</b>
<b>Vedlegg 2: Spørjeskjema hovudundersøkinga – lærarar.....</b>	<b>54</b>

# Figurar

## Elevundersøkinga

Figur 1: Kontrollvariablar.....	9
Figur 2: Har du anna morsmål enn norsk? .....	9
Figur 3: Kor lang tid brukte klassen din på Tanntastisk? .....	10
Figur 4: Syntes du Tanntastisk tok passe tid å gjennomføre?.....	10
Figur 5: Kva hugsa du best/likte du best/likte du minst med Tanntastisk? .....	11
Figur 6: Kva hugsa du best frå Tanntastisk? (delt på kjønn) .....	12
Figur 7: Kva likte du best med Tanntastisk? (delt på kjønn) .....	12
Figur 8: Kva likte du minst med Tanntastisk? (delt på kjønn) .....	13
Figur 9: Kva hugsa du best frå Tanntastisk? (delt på morsmål).....	13
Figur 10: Kva likte du best med Tanntastisk? (delt på morsmål).....	14
Figur 11: Kva likte du minst med Tanntastisk? (delt på morsmål).....	14

### Dersom du fekk bestemme, kva ville du gjort annleis med Tanntastisk?

Figur 12: - Fysisk aktivitet .....	15
Figur 13: - Prosjektoppgåva .....	15
Figur 14: - Tannpussen.....	16
Figur 15: - Førelesing .....	16
Figur 16: - Frukosten.....	16
Figur 17: - Open dag .....	17
Figur 18: - Sosialt samvær .....	17
Figur 19: Kva innhald ønskjer du at Tanntastisk skal ha? .....	18
Figur 20: Kva var det viktigaste du lærte av Tanntastisk? .....	19
Figur 21: I kva grad er du einig eller ueinig i følgjande påstandar: betre klassemiljø / lærerikt .....	19
Figur 22: Syntes du Tanntastisk var passe vanskeleg? .....	20
Figur 23: Inkluderte du føresette i Tanntastisk? .....	21
Figur 24: Vil du anbefale andre klasser å vere med på Tanntastisk? .....	22
Figur 25: Vil du anbefale andre klasser å vere med på Tanntastisk? (delt på kjønn).....	22
Figur 26: Vil du anbefale andre klasser å vere med på Tanntastisk? (delt på morsmål) .....	23

## Lærarundersøkinga

Figur 27: Har de gjennomført Tanntastisk? .....	26
Figur 28: Kva rolle hadde du i Tanntastisk? .....	26
Figur 29: Kva fag underviser du vanlegvis i? .....	27
Figur 30: Er det nokon grunn til at de ikkje har gjennomført Tanntastisk? .....	27
Figur 31: Kor lang tid brukte klassen din på Tanntastisk? .....	28
Figur 32: Kor lang tid meiner du det bør setjast av til Tanntastisk? .....	28
Figur 33: I kva grad er du einig eller ueinig i følgjande påstand: - Tanntastisk tok passe tid å gjennomføre. ....	29
Figur 34: I kva klassetrinn meiner du det er mest naturleg å gjennomføre Tanntastisk? .....	29
Figur 35: Kva innhald ønskjer du at Tanntastisk skal ha? .....	30

### I kva grad er du einig eller ueinig i følgjande påstandar:

Figur 36: - Tanntastisk hjalp meg til å oppfylle måla i læreplanen. ....	30
Figur 37: - Tanntastisk kunne lett tilpassast den enkelte elev. ....	31
Figur 38: - Tanntastisk nådde ut til elevane med lese- og skrivevanskar. ....	31
Figur 39: - Tanntastisk hadde eit variert innhald.....	31
Figur 40: - Tanntastisk engasjerte elevane. ....	32
Figur 41: - Tanntastisk førte til eit betre klassemiljø og samhald.....	32
Figur 42: Oppsummering: I kva grad er du einig eller ueinig i følgjande påstandar .....	33
Figur 43: Var betre klassemiljø og samhald viktig når ein val prosjekt i Tanntastisk? .....	33

Figur 44: Generelt, korleis opplevde du elevane sitt læringsutbytte i Tanntastisk? .....	34
Figur 45: Ønskjer du tester i Tanntastisk for å måle elevane sin forståing av undervisningsprogrammet? .....	34

**Generelt, korleis opplevde du elevane sitt læringsutbytte av følgjande aktivitetar i Tanntastisk?**

Figur 46: - Fysisk aktivitet .....	35
Figur 47: - Prosjektoppgåva .....	35
Figur 48: - Tannpussen .....	35
Figur 49: - Frukosten .....	36
Figur 50: - Open dag .....	36
Figur 51: - Førelesing .....	36
Figur 52: - Gruppearbeid .....	37
Figur 53: - Sosialt samvær .....	37
Figur 54: Oppsummering: Generelt, korleis opplevde du elevane sitt læringsutbytte av følgjande aktivitetar i Tanntastisk .....	38

Figur 55: Opplevde du at elevane inkluderte dei føresette i Tanntastisk? .....	38
Figur 56: Var inkludering av føresette viktig når ein valde prosjekt i Tanntastisk? .....	39
Figur 57: Kor godt likte du dei ulike aktivitetane i Tanntastisk? .....	39

**Dersom du fekk bestemme, kva ville du gjort annleis med Tanntastisk?**

Figur 58: - Fysisk aktivitet .....	40
Figur 59: - Prosjektoppgåva .....	40
Figur 60: - Tannpussen .....	40
Figur 61: - Førelesing .....	41
Figur 62: - Frukosten .....	41
Figur 63: - Open dag .....	41
Figur 64: - Sosialt samvær .....	42

Figur 65: Vil du anbefale andre skular å gjennomføre Tanntastisk? .....	42
Figur 66: I kva grad nyttar du og klassen din digitale læringsressursar? .....	43

**Kva vilkår legg du til grunn når du vel digitale læringsressursar?**

Figur 67: - Relevant i forhold til læreplanar .....	43
Figur 68: - God kvalitet .....	44
Figur 69: - Tilpassa klassetrinnet sitt nivå .....	44
Figur 70: - Universelt utforma .....	44
Figur 71: - Lite tidkrevjande .....	45
Figur 72: - Enkelt å gjennomføre .....	45
Figur 73: - Attraktivt design .....	45
Figur 74: - Ferdig undervisningsopplegg .....	46
Figur 75: Oppsummering: Kva vilkår legg du til grunn når du vel digitale læringsressursar .....	46

Figur 76: Dersom Tanntastisk hadde vore tilbydd som digital læringsressurs, hadde du nytta deg av det? .....	47
--	----

# 1. Samandrag

## Kva er Tanntastisk?

Tanntastisk er eit helsefremmande og førebyggjande undervisningsprogram utvikla for 8. klasse og vert gjennomført på skuler i Rogaland og Hordaland. Ved å fokusere på tannhelse og helse generelt, tar undervisningsprogrammet eit heilskapleg tak i dagens helseproblematikk på ein utradisjonell måte. Grunnpillarane for kosthald og livstil blir danna i ung alder og hovudtanken bak Tanntastisk er tidleg innsats for livslang læring. Med bruk av teori og praksis synleggjer Tanntastisk på ein spanande måte at tannhelse heng saman med generelle haldningar til helse, hygiene, kosthald, snus, tobakk og andre rusmidlar og fysisk aktivitet.

Tanntastisk omfattar langt meir enn det som skjer i munnen, og gjennom undervisningsprogrammet får ungdommane auka forståing for og innsikt i begrepet heilskapleg helse og tilhøyrande helsedeterminantar. I tillegg er det eit siktemål at elevane skal få tru på eiga evne og vilje til å endre helseåtfærd.

## Oppsummering av funna

AUD har på oppdrag frå Tannhelsetenesta i Hordaland fylkeskommune gjennomført to spørjeundersøkingar i samband med evalueringa av Tanntastisk-programmet. Den eine gikk ut til elevar på utvalde skuler som har gjennomført Tanntastisk. Desse blei spurt om deira oppleving og nytte av programmet. Den andre gjekk ut til lærarar på eit utval av skuler, kor nokre hadde hatt og andre ikkje hadde hatt programmet. Lærarundersøkinga var meir detaljert enn elevundersøkinga. Resultata for elevane er basert på svar frå 383 elevar ved åtte skuler, medan i lærarundersøkinga har vi fått svar frå 43 lærarar, av kven 25 bekrefta at dei har vore med på Tanntastisk.

Elevane er i all hovudsak nøgd med tida det tok å gjennomføre Tanntastisk på deira skule. Om vi held dei som svara at dei ikkje er sikre og dei som svarar «Anna» utanfor, er det 128 som hadde opplegg i tre eller færre dagar, medan 98 svara at dei held på i minst fire dagar. Blant lærarane, som fikk eit litt anna spørsmål, er det også tilsynelatande stor semje om at den tida som vert brukt var korrekt. 17 av 22 svara det same på både kor langt opplegg dei hadde hatt og kor langt det burde vore.

Blant elevane var frukosten den desidert best likte aktiviteten, etterfølgt av gruppearbeid og prosjektoppgåva. Minst likt var førelesingane og open dag. Også blant lærarane var frukosten best likt, etterfølgt av sosialt samvær og tannpussen, medan også dei likte førelesingane minst.

På spørsmål om kva respondentane ville gjort annleis med aktivitetane i Tanntastisk, er det relativt tett samheng mellom kor godt likt aktivitetar er og kor mange som ønskjer å ha meir eller mindre av dei. Likevel, når spørsmålet blir formulert slik, er det den fysiske aktiviteten flest elevar vil ha meir av, 45,7 prosent. 41,2 prosent vil ha meir av frukosten. I motsett ende vil 36,1 prosent ha mindre førelesing, medan 27,1 prosent vil ha mindre prosjektoppgåve. Blant lærarane er det flest som vil ha meir fysisk aktivitet, men i stor grad vil dei behalde mengda av kvar aktivitet som før.

Respondentane blei også spurde kva konkret innhald dei ønskte Tanntastisk skulle ha. Blant elevane svara opp mot 60 prosent at dei ønskjer videosnuttar og spel, medan 42 prosent vil ha ein app tilgjengeleg i Google Play og Itunes. Oppgåver og førelesingar er det mellom 15 og 20 prosent som vil ha, medan nesten 22 prosent ikkje er sikre. Av lærarane ønskja 30 av 38 videosnuttar, medan 26 vil ha oppgåver, 20 ferdige førelesingar og like mange spel.

Elles er eit fleirtalet av elevane samde i at Tanntastisk i nokon, stor eller svært stor grad var lærerikt, medan eit knapt fleirtal også meiner at opplegget i liten eller ingen grad førte til eit betre klassemiljø og samhald. Her avvika dei litt lærarane, kor 12 av 17 svara at dei meiner Tanntastisk i nokon, stor eller svært stor grad førte til eit betre klassemiljø og samhald. Lærarane er samde med elevane i at opplegget var lærerikt, og 12 av 15 svara at elevane sitt læringsutbytte generelt var stort eller svært stort.

Elevane fikk også spørsmål om Tanntastisk var passe vanskelig. Nesten halvparten meiner at Tanntastisk var passe vanskeleg, medan over ein firedel synest det var for lett. Under fem prosent synest opplegget var for vanskeleg. Nesten ein femdel er ikkje sikre. På dette spørsmålet var det ein del skilnad etter om respondenten svarte at vedkommande hadde anna morsmål enn norsk, og om vedkommande var gut eller jente.

Lærarane er ikkje spesielt overtydde om at Tanntastisk hjelp dei å nå måla i læreplanen, men er langt meir positive til i kva grad opplegget kan tilpassast den enkelte elev og nå ut til elevar med lese- og skrivevanskar. Fleirtalet svarar også at Tanntastisk engasjerte elevane.

Heile 78 prosent av elevane vil anbefale andre klassar å ha Tanntastisk, og 7 av 8 lærarar vil anbefale andre skuler det same.

## 2. Resultata frå elevundersøkinga

### 2.1 Om elevundersøkinga

Elevundersøkinga blei gjort i to omgangar. Først kjørte vi ei pilotundersøking ut mot elevane på Riska ungdomsskole. 125 elevar svarte, og 115 bekrefta at dei hadde hatt Tanntastisk og gjekk derfor gjennom undersøkinga. Med bakgrunn i erfaringane frå pilotundersøkinga, endra vi litt på enkelte spørsmål før hovudundersøkinga. Derfor er det nokre svar i piloten som ikkje kan slåast saman med hovudundersøkinga. Vi kunne hatt desse med skilt frå hovudundersøkinga, men det er problematisk av to grunnar: for det første vil desse logisk nok kunne bli knytt direkte til ei enkeltskule, noko vi ikkje ønskjer. For det andre er grunnen til at spørsmåla blei endra at dei ikkje var føremålstenlege i si dåverande form, så basert på vår vurdering manglar svara reliabilitet og/eller validitet. Då blir det feil å rapportere svara.

282 elevar svara på hovudundersøkinga, og av desse bekrefta 268 at dei har vore med på Tanntastisk. Basert på erfaringar frå pilotundersøkinga skilte vi også mellom dei som rapporterte at dei hadde hatt Tanntastisk i mindre enn fire dagar og dei som hadde hatt det lengre. Dei som hadde hatt minst fire dagar med Tanntastisk fekk alle spørsmåla i undersøkinga, medan dei som hadde hatt mindre hoppa over spørsmåla om innhaldet, da desse i stor grad ikkje var relevante når dei ikkje har hatt dei fleste aktivitetane. Rett over 40 prosent av elevane i hovudundersøkinga fekk alle spørsmåla. Dette skillet blei ikkje gjort i pilotundersøkinga, men Tanntastisk blei halde i fire dagar til ei veke på Riska ungdomsskole, så dei elevane som deltok kortare enn fire dagar huskar anten feil eller var borte enkelte dagar.


Undersøkinga blei gjennomført ved at arbeidsgruppa i Tanntastisk kontakta utvalde skuler for å høyre om dei var interesserte i å gjennomføre både lærar- og elevundersøkinga. Alle fem skulane som har hatt Tanntastisk i Hordaland, var med i utvalet, og det same var dei tre skulane utanom Riska som hadde hatt Tanntastisk i tre dagar eller meir i Rogaland. I tillegg gjorde vi eit tilfeldig uttrekk blant dei resterande skulane som hadde hatt Tanntastisk i Rogaland for å få det totale utvalet for hovudundersøkinga opp til femten skular. Av desse gjekk åtte med på å gjennomføre undersøkinga med sine elevar, og sju av dei åtte skulane gjennomførte undersøkinga. Samla for pilot- og hovudundersøkinga har vi 407 respondentar frå åtte skular, av kven 383 bekrefta at dei har vore med på Tanntastisk, og såleis gjennomførte resten av undersøkinga. Spørjeskjemaet blei distribuert og svara på elektronisk i begge undersøkingane.

Vi har ikkje gått inn og vurdert eller endra på svara frå elevane basert på deira svar på dei opne spørsmåla, sjølv om det som står der skulle vere i motstrid til kva dei har svara på andre spørsmål. Reliabiliteten i svara ein får vil aldri bli heilt sikker og på slike store undersøkingar er det vanleg med nokre «useriøse» svar. Det er derfor viktig å ikkje henge seg opp i små prosentskilnader og vurdere kvart minste desimal, då datamaterialet rett og slett ikkje er presist nok til det. Ein må heller vurdere i kvart einskild høve om svara peiker såpass einydig i ei retning at ein kan hevde å ha avdekka ein tendens.




## 2.2 Bakgrunnsvariablar

Figur 1: Kontrollvariablar



Dei som svara «Nei» på om dei har vore med blei sendt ut av undersøkinga.

Figur 2: Har du anna morsmål enn norsk?




Tabell 1: Oppgitt andre morsmål enn norsk


Språk	Tal	Språk	Tal	Språk	Tal
Engelsk	13	Bangla	1	Gujarati	1
Norsk	5	Russisk	1	Bretonsk	1
Japansk	4	Italiensk	1	Zulu	1
Thai	4	Kinesisk	1	Herbraisk	1
Svensk	3	Albansk	1	Kreolsk	1
Vietnamesisk	3	Filipinsk	1	Alien	1
Spansk	3	Cebuano	1	Eritresk, arabisk, colombiansk, kinesisk	1
Arabisk	3	Øst-somalisk	1	Colombisk	1
Polsk	3	Urdu	1	Spansk, tysk, engelsk:)	1
Koreansk	2	Bosnisk	1	Engelsk, spansk	1
Pakistan	2	Gresk	1	Islandsk	1
Somalisk	1	Dansk	1		

## 2.3 Tidsbruk

Figur 3: Kor lang tid brukte klassen din på Tanntastisk?



Figur 4: Syntes du Tanntastisk tok passe tid å gjennomføre?




\* Berre stilt i hovudundersøkinga.

Langt på veg dei fleste elevane i hovudundersøkinga var nøgde med tida det tok for å gjennomføre Tanntastisk. Her må ein likevel hugse at dei berre har hatt Tanntastisk éin gong og at dei ikkje sjølv deltok i utveljinga av kva delar av tilbodet dei skulle gjennomføre. Såleis har dei ikkje grunnlag for å vurdere om dei skulle hatt meir tid for å gjere andre/fleire aktivitetar. Om vi held dei som svara at dei ikkje var sikre og dei som svara «Anna» utanfor, var det 128 elevar i hovudundersøkinga som hadde opplegg i tre eller færre dagar, medan 98 svara at dei held på i minst fire dagar. Av dei som hadde Tanntastisk i maks tre dagar er det nokre prosentpoeng fleire som meiner opplegget var for kort, medan det er nokre prosentpoeng fleire av dei som hadde opplegget i minst fire dagar som meiner det tok for langt tid.

## 2.4 Aktivitetane i Tanntastisk<sup>1</sup>

Figur 5: Kva hugsa du best/likte du best/likte du minst med Tanntastisk?




Dette spørsmålet er berre stilt til dei som har hatt Tanntastisk i minst fire dagar for å sikre at dei har vore innom eit breitt utval av aktivitetar. Elevane kunne svare meir enn ein aktivitet på kvart spørsmål, så summen av alle aktivitetane kan vere over 100 prosent.

Kva elevane hugsa best er nok ein grei indikator på kva dei aktivitetar dei hadde. Vi ser at det spesielt er prosjektoppgåva, gruppearbeidet, tannpussen og frukosten dei hugsar.

På spørsmål om kva dei likte best stillar frukosten i ein særklasse. 36,9 prosent av elevane svarte at dei likte frukosten best. Nest best likt er gruppearbeid med 21,6 prosent, medan prosjektoppgåva på tredje plass har 19,8 prosent. Den aktiviteten færrast likte best er føreløsing med 3,6 prosent og open dag med 8,6 prosent. Det er også desse to færrast har svart at dei huska best, så det er mogleg det ikkje er fleire som inkluderer dei blant deira favorittaktivitetar rett og slett fordi dei ikkje hadde dei/hugsar dei.


<sup>1</sup> Berre dei i hovudundersøkinga som har hatt Tanntastisk i meir enn 3 dagar, samt alle i pilotundersøkinga, har svara på spørsmåla i denne delen om ikkje anna er merka.

Figur 6: Kva hugsa du best frå Tanntastisk? (delt på kjønn)




Om vi deler på kjønn ser vi at det til dels er ein langt større del av jentene som hugsar både prosjektoppgåva, tannpussen, frukosten og gruppearbeidet.

Figur 7: Kva likte du best med Tanntastisk? (delt på kjønn)




På spørsmål om kva dei likte best med Tanntastisk er det også ein skilnad mellom kjønna. Sjølv om begge likte frukosten best, svarar 14 prosentpoeng fleire jenter enn gutar dette. Det motsette er tilfelle med fysisk aktivitet, som 15 prosentpoeng fleire gutar enn jenter har som ein av sine favorittaktivitetar. Faktisk svarar éin av fire gutar at dei likte denne aktiviteten best, medan berre éin av ti jenter gjer det same. Det er også stor skilnad i kor stor del av kjønna som likte prosjektoppgåva best, med høvesvis 26,2 prosent av jentene og 13,9 prosent av gutane.

Figur 8: Kva likte du minst med Tanntastisk? (delt på kjønn)




Det er mindre skilnad i kva kjønnen likte minst. Dei mest upopulære aktivitetane hos begge kjønn er førelesinga og prosjektoppgåva, men samstundes svarar omkring éin tredjedel av begge kjønn at dei ikkje er sikre. Den største skilnaden er på tannpussen, som 19,1 prosent av gutane svarar at dei likte minst, medan tilsvarende for jentene berre er 9,3 prosent.

Figur 9: Kva hugsa du best frå Tanntastisk? (delt på morsmål)




Det er viktig å merke at gruppa som svarar at dei har anna morsmål enn norsk, er mykje mindre enn gruppa med norsk som morsmål, og at førstnemnde gruppe er såpass lita at svara her på det meste berre kan sjåast som ein indikasjon på om det er ein skilnad mellom gruppene.

Figur 10: Kva likte du best med Tanntastisk? (delt på morsmål)



På spørsmål om kva dei likte best svara ein større del av dei med norsk som morsmål frukosten, gruppearbeidet, sosialt samvær og prosjektoppgåva, medan fleire med anna morsmål svara tannpussen, open dag og førelesinga. Samla kryssa dei med anna morsmål av for færre aktivitetar per person enn dei med norsk morsmål.

Figur 11: Kva likte du minst med Tanntastisk? (delt på morsmål)



Det er relativt likt kva dei to gruppene har svara at dei likte minst, med nokre unntak. Ein langt større del av dei med norsk morsmål har svara at dei likte førelesinga minst og ein langt større del av dei er også ikkje sikre. Nesten éin av fem med anna morsmål kryssa av for «Anna», men det kjem ikkje fram i dei opne svara kva anna dei likte minst.


## Har du nokon kommentar til korleis det var å ha Tanntastisk? (open)

Eksempel på svar:


- Det var greit å gjøre noe annet en uke, og det var lærerikt og sosialt.
- Det var veldig lærerikt, og nå er jeg mye mer ops på at jeg må pusse ordentlig og mye. Vi fikk også se konsekvensene vist vi ikke pusset tenner og sånt, det syntes jeg var viktig at vi fikk se.
- Det var gøy, fordi det var annerledes enn en vanlig skoleuke, og gøyere
- Jeg synes det var helt greit, jeg lærte en god del nye ting angående frokosten og hvordan jeg skal "behandle" tennene.
- Det var veldig bra og litt skremmende å lære om tennene dine. Hvis du fikk hull om va som kunne skje og hvis du drakk/spiste noe som inneholdt sukker. Det var veldig bra fordi vi fikk lært at man må pusse tenner, og hva man må gjøre for å passe på tennene dine
- jeg følte at det kanskje ikke var så positivt som det kunne vært, mye av det som var skrevet i introen til denne undersøkelsen passet ikke med mitt inntrykk.
- Jeg lærte ikke så mye og det kunne vært litt mer interessant. Jeg er ikke veldig glad i gruppearbeid, så det var ikke et helt store for meg.

## Dersom du fikk bestemme, kva ville du gjort annleis med Tanntastisk?


Figur 12: - Fysisk aktivitet




Figur 13: - Prosjektoppgåva




Figur 14: - Tannpussen



Figur 15: - Førelesing




Figur 16: - Frukosten






Figur 17: - Open dag



Figur 18: - Sosialt samvær




Som spørsmålet om kva dei ville gjort annleis med aktivitetane i Tanntastisk viser, er det relativt tett samanheng mellom kor godt likt aktivitetar er og kor mange som ønskjer å ha meir eller mindre av dei.

Likevel, når spørsmålet blir formulert slik, er det den fysiske aktiviteten flest vil ha meir av, 45,7 prosent. Frukosten, som flest sa dei likte best, kjem som en god nummer to, og 41,2 prosent vil ha meir av den. I motsett ende vil 36,1 prosent ha mindre førelæring, medan 27,1 prosent vil ha mindre prosjektoppgåve.

## 2.5 Ønska innhald

Figur 19: Kva innhald ønskjer du at Tanntastisk skal ha?



Dette spørsmålet er stilt i både pilot- og hovudundersøkinga. Opp mot 60 prosent ønskjer videosnuttar og spel, medan 42 prosent vil ha ein app tilgjengeleg i Googe Play og Itunes. Oppgåver og førelsingar er det mellom 15 og 20 prosent som vil ha, medan nesten 22 prosent ikkje er sikre.


### Kva innhald ønskjer du at Tanntastisk skal ha? – Anna (open)

Eksempel på svar:

- Frokost
- GRATIS BRA-FOR-TENNENE GODTERI
- App tilgjengeleg for Apple
- Quiz
- KUNN HAT PREMI UTDELING FOR BEST INNSADS

## 2.6 Utbytte av Tanntastisk

Figur 20: Kva var det viktigaste du lærte av Tanntastisk?




På spørsmål om kva som er det viktigaste dei lærte, ligg betre tannhelsevanar på topp, og over halvparten av elevane har svart dette. Det same gjeld sunt kosthald, medan nokre færre svara at vatn er bra for tenner og kropp. Samarbeid med medelevar kom dårlegast ut av svaralternativa, men likevel var det 23,2 prosent som svara det.

### Kva var det viktigaste du lærte av Tanntastisk? – Anna (open)

Eksempel på svar:

- hvordan pusse tennene
- At man ikke skal pusse tennene etter syrlige måltid
- Hvor mange sukker bitter det er i energydrikk
- Sugerør hindrer ikke syreskader

Figur 21: I kva grad er du einig eller ueinig i følgjande påstandar: betre klassemiljø / lærerikt




Vi ser at fleirtalet av elevar er samde i at Tanntastisk i nokon, stor eller svært stor grad var lærerikt, medan eit knapt fleirtal også meiner at opplegget i liten eller ingen grad førte til eit betre klassemiljø og samhald.

### Har du nokre kommentarar til kva du fekk ut av Tanntastisk? (open)

Eksempel på svar:

- Jeg fikk sundere kosthold, og pusser tennene mye mer nøye. Også fikk vi tannbørste, tannkrem, tanntråd og en vannflaske.
- Jeg startet med å passe bedre på tennene mine siden jeg fikk et bedre innblikk i konsekvensene for å ikke passe på tennene
- Jeg lærte hva periodontitt og gingivitt er.
- ja at hvis man snuser får man stygge tenner
- Jeg lærte at syreskader var et stort problem blant ungdom, og hva som er syreskadelig. Jeg lærte også at man ikke skulle pusse tennene rett etter å ha spist/drukket noe med mye syre.
- jeg har streng på tennene og det er veldig viktig å ha rene tenner.
- Jeg synes det var lærerikt og morsomt og lærte mer om hvordan jeg skal ta bedre vare på kroppen og tenene.
- Lærte litt om Fluor og tenner osv, det du kan forvente av TANNTASTISK
- Jeg lærte mer om det å måtte samarbeide med andre en meg selv.
- jeg husker nesten ingenting.
- Lærte ingenting
- Forstår ikke helt hva som var meningen med opplegget.
- Jeg husker ikke, det var lenge siden vi fikk besøk av dem.

Figur 22: Syntes du Tanntastisk var passe vanskeleg?




\* Berre stilt i hovudundersøkinga

Nesten halvparten meiner at Tanntastisk var passe vanskeleg, medan over ein firedel synest det var for lett. Under fem prosent synest opplegget var for vanskeleg. Nesten ein femdel er ikkje sikre. Dette er ein av variablane kor det går eit relativt klart skilje mellom dei som har norsk som morsmål og dei som ikkje har det. Med atterhald om at det er stor skilnad i storleik på dei to gruppene (223 med norsk som morsmål har svara på spørsmålet, mot 43 med anna), så svara 21 prosent av dei med anna morsmål at Tanntastisk var for vanskeleg, medan tilsvarande for dei med norsk som morsmål er 1,8 prosent. I motsett ende var det likevel også ein mykje større del (34,9 prosent) av dei med anna morsmål som svara at dei synest Tanntastisk var for lett enn blant dei med norsk som morsmål (26 prosent).

Det er også interessant å sjå på forskjellen mellom kjønna på dette spørsmålet. 139 jenter og 127 gutar har svart, og av desse meiner høvesvis 3 og 7 prosent at Tanntastisk var for vanskeleg. I motsett ende svarar 19,4 prosent av jentene og 36,2 prosent av gutane at det var for lett. 57,6 prosent av jentene og 37,8 prosent av gutane synest opplegget var passe vanskeleg. Med andre ord plasserer gutane seg i større grad på ytterpunktta, sjølv om det er snakk om få individ på alternativet «Det var for vanskeleg». Skilnaden på dette alternativet kan ha samband med at nesten 65 prosent av elevane som svarta at dei har anna morsmål, er gutar.

## 2.7 Inkludering av føresette

Figur 23: Inkluderte du føresette i Tanntastisk?



Nesten to av tre elevar svarar at dei i liten eller ingen grad inkluderte føresette i Tanntastisk. Dei som har gitt eksempel på inkludering av føresette fortel stort sett at dei har informert dei føresette om opplegget eller at dei føresette kom på ein presentasjon eller liknande.


### På kva måte var dine føresatte med på Tanntastisk? (open)

Eksempel på svar:

- Jeg forklarte hva vi gjorde på skolen
- DE SÅ PÅ TINGENE JEG FIKK + HJALP MEG LITT MED LEKSENE
- De så på når klassen min hadde fremføring i tanntastisk!
- de var leder på oppgavene
- Jeg snakket om hva jeg hadde lært, fortalte at man ikke skal drikke juice før man pusser tenner osv.
- Jeg sa at en tannpleier hadde vært på skolen og hatt presentasjon.
- De fikk ikke helt med seg at det var tanntastisk.
- EKSTREMT LITEN GRAD, PÅ [...] HADDE VI IKKE ÅPEN DAG, VET IKKE HVORFOR.
- De var ikke med på Tanntastisk i det hele tatt.
- De var ikke med, men jeg fortalte hva vi gjorde på skolen. Pappa skjønte ikke helt poenget med å snakke om tenner i over to uker, istedenfor vanlig fag.
- Vi var på skolen, det var ikke noen foresatte med på presentasjonen.

## 2.8 Anbefale Tanntastisk?


Figur 24: Vil du anbefale andre klasser å vere med på Tanntastisk?



Nesten fire av fem av dei 377 elevane som har svara på spørsmålet vil anbefale andre klassar å vere med på Tanntastisk. Hovudgrunnane er at det er gøy, lærerikt, nyttig og annleis enn den vanlege undervisninga. Dei som ikkje vil anbefale opplegget meiner på si side mellom anna at det er keisamt, at dei ikkje har lært noko, at dei ikkje ser poenget eller at dei har hørt det meste før.


Det er ikkje merkbar skilnad i kor lenge elevane har hatt Tanntastisk og om dei vil anbefale opplegget til andre.

Figur 25: Vil du anbefale andre klasser å vere med på Tanntastisk? (delt på kjønn)



Dersom vi deler på kjønn finn vi at det er ein større del jenter enn gutar som vil anbefale andre klasser å vere med på Tanntastisk. Nesten 13 prosentpoeng er skilnaden mellom kjønna.

Figur 26: Vil du anbefale andre klasser å vere med på Tanntastisk? (delt på morsmål)



Det er også ein skilnad mellom dei som har svara at dei har norsk som morsmål og dei som har svara at dei har eit anna morsmål. Nesten 18 prosentpoeng fleire med norsk som morsmål vil anbefale andre klassar å vere med på Tanntastisk.

#### Vil du anbefale andre klasser å vera med på Tanntastisk? – Ja (open)

Eksempel på svar:

- Det er gøyt og det skaper bra forhold for nye klasser
- fordi det er lærerikt og det er viktig å skape gode rutiner for tannhelse tidlig.
- Fordi at det var veldig lærerikt så jeg anbefaler det veldig, det er ikke bare lærerikt det er også veldig gøy
- tanken bak er veldig viktig, vil gjerne støtte videreutvikling av programmet
- det er bra å kunne spise riktig
- Fordi det var en liten avkobling fra verdagen
- fordi det er gøyere enn vanlig skole, og du lærer om bedre kosthold og tannhygiene.
- For å faktisk tenke gjennom hva du spiser i løpet av en dag.
- fordi da passer ungdommene på tennene sine mye bedre
- Det var kjekt å få være med på noe hvor du samarbeidet med elever fra andre klasser og man lærte mer om hva man burde spise mer av og hva vi burde spise mindre av.
- Gøy læring i forhold til det vi vanligvis har.

#### Vil du anbefale andre klasser å vera med på Tanntastisk? – Nei (open)

Eksempel på svar:

- Det var uinteressant.
- Det var litt kjedelig. Ikke så lærerikt heller.
- Du lærer ingenting, men du slipper en uke med skole
- Nei, du lærer nesten ingen ting
- lærer bare ting du vet fra før
- Hørt det meste før hos tannlegen
- Ser ikke poenget
- Hva er vitsen? Alle vet at usunne ting er usunt.....
- bortkastet tid
- kjedelig og ikke særlig lærerikt. kunne blitt gjort bedre. gruppeoppgaver blir bare tull og vas.

## Er det noko meir du har lyst å seie om Tanntastisk? (open)

Eksempel på svar:

- En app hadde vert kult
- TAKK FOR GRATIS TINGENE!:) LÆRTE LITT
- Forsett med det gode arbeidet:)
- Jeg likte forelesningene, dere burde ha mer om det neste gang dere kommer. Forelesning er kjekt, spesielt når fagfolk holder forelesningen.
- Jeg likte tannkosten og tanntråden. Jeg bruker de fortsatt. Smart å dele det ut.
- Det var interesant jeg lærte mer om tennene og ble mindre bekymret for tennene mine også så oppfattet jeg det intrere sant og lærte mer en det jeg viste og kom med veldig spennende fakta.
- Syns det var bra, men litt for kort. Skulle likt å fått litt mer informasjon om forskjellige drikker/matvarer for å få et bedre inntrykk om hva det inneholder.
- NEI, VILLE HATT LITT MER FYSISK SAMVÆR OG GJORT FLERE GØYE OG LÆRERIKE OPPGAVEN ENN Å HA EN KJEDELIG OG IKKE SÅ LÆRERIK FRAMFØRING.
- hadde ikke alle aktivitetene som er sagt i denne undersøkelsen, hadde bare noen få
- Få bedre opplegg.
- Det ble litt kjedelig og vanskelig å forstå i slutten.
- Det var litt kjedelig siden det ble veldig ensformig.
- Nei. Ikke noe mer å si, det er helt tanntastisk!



## 3. Resultata frå lærarundersøkinga

### 3.1 Om lærarundersøkinga

Lærarundersøkinga blei gjort i to omgangar. Først kjørte vi ei pilotundersøking ut mot lærarane på Riska ungdomsskole. 9 lærarar svarte, og av desse fullførte 7 heile undersøkinga. Alle hadde hatt Tanntastisk. Med bakgrunn i erfaringane frå pilotundersøkinga endra vi litt på enkelte spørsmål før hovudundersøkinga. Derfor er det nokre svar i piloten som ikkje kan slåast saman med hovudundersøkinga. Vi kunne hatt desse med åtskilt frå hovudundersøkinga, men det er problematisk av to grunnar: for det første vil desse logisk nok kunne bli knytt direkte til ei enkeltskule, noko vi ikkje ønskjer. For det andre er grunnen til at spørsmåla blei endra at dei ikkje fungerte hensiktsmessig i si dåverande form, så basert på vår vurdering manglar svara reliabilitet og/eller validitet. Då blir det feil å rapportere svara.

34 lærarar svara på hovudundersøkinga, og av desse hadde 16 gjennomført Tanntastisk. Basert på erfaringar frå pilotundersøkinga skilte vi mellom dei som rapporterte at dei hadde hatt Tanntastisk i mindre enn éin dag, og dei som hadde hatt det lengre. Dei som hadde hatt minst éin dag med Tanntastisk, fekk stort sett alle spørsmåla i undersøkinga, medan dei som hadde hatt mindre, hoppa over spørsmåla om innhaldet, da desse i stor grad ikkje var relevante når dei hadde hatt eit så kort opplegg. 9 av lærarane i hovudundersøkinga fekk alle spørsmåla, men éin falt frå underveis. Alle lærarane på Riska ungdomsskole hadde Tanntastisk i meir enn éin dag, og fekk såleis alle spørsmåla.

Hovudundersøkinga blei gjennomført ved at arbeidsgruppa i Tanntastisk kontakta utvalde skuler som hadde hatt Tanntastisk for å høyre om dei var interessert i å gjennomføre både lærar- og elevundersøkinga. Alle fem skulene som har hatt Tanntastisk i Hordaland var med i utvalet, og det same var dei tre skulene utanom Riska som hadde hatt Tanntastisk i tre dagar eller meir i Rogaland. I tillegg gjorde vi eit tilfeldig uttrekk blant dei resterande skulene som hadde hatt Tanntastisk i Rogaland for å få det totale utvalet av skuler med Tanntastisk-erfaring for hovudundersøkinga opp til femten skuler. Undersøkinga blei sendt direkte til 68 lærarar på skuler som hadde hatt Tanntastisk. Vi sendte også ut undersøkinga til postmottaket på 11 utvalde skuler som hadde hatt Tanntastisk med spørsmål om dei kunne vidaresende den til sine lærarar.

Vi sendte undersøkinga direkte til 10 lærarar som vi visste ikkje hadde hatt Tanntastisk. Vi sendte også ut undersøkinga til postmottaket på 17 utvalde skuler som ikkje hadde hatt Tanntastisk med spørsmål om dei kunne vidaresende den til sine lærarar.


Pilotundersøkinga blei sendt direkte til 13 lærarar ved Riska ungdomsskole.

Samla for pilot- og hovudundersøkinga har vi fått svar frå 43 lærarar, av kven 25 bekrefta at dei har vore med på Tanntastisk. Spørjeskjemaet blei distribuert og svara på elektronisk i begge undersøkingane.

Alle verdiar er i reelle tal, om ikkje anna er oppgjeven. Utvalet er for lite til at det er hensiktsmessig å presen- tuere i dei fleste høva. Utvalet er også så lite at det ikkje lar seg gjere å krysse variablar, slik som er gjort i elevundersøkinga.

## 3.2 Bakgrunnsspørsmål


Figur 27: Har de gjennomført Tanntastisk?




### Kvifor gjennomførte de Tanntastisk? (open)

- Oppfordring fra tannlege som kom til skolen
- Fokus på tannhelse og bevisstgjøring av kosthold. Tennene har vi hele livet.
- Fikk forespørsel via tannhelsetjenesten
